



TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Hordaland fylkeskommune
v/ kst.plansjef Eva K. Taule
Regionalavdeling/planseksjonen

UGGDAL, 24.08.2017

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
16/810-15	5072/17	500	TK//STDAL	

REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER

Trass i at frist for å gje uttale til ovannemnde plan er gått ut ser Tysnes- og Kvinnherad kommune behov for nokre avklaringar opp mot endringar i planen etter handsaming av innkomne høyringar.

Me viser i denne samanheng til e-post i samband med planen si handsaming av arealsoner for landskap i Austevoll kommune der De skriv:

«Styringsgruppa gjekk i møte 16.juni inn for planforslaget til regional kystsonoplan for Sunnhordland med nokre endringar. Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne vert opprettholdt som arealsoner for landskapsområde. Ein skal sjå nærmare på avgrensingar i Austevoll ut i frå eksisterande og planlagd busetnad.

Vi har vurdert områda i Austevoll ut i frå dette og har eit endra forslag for område 1. Marsteinen - Skorpo der vi har tatt ut utbyggingsområde frå kommuneplanen i dei områda som har vegsamband. Vi har også justert grensa noko i sjøområda i søraust.»

Tysnes og Kvinnherad kommune har på administrativt nivå samrådd i høve til denne endringa og stiller spørsmål ved kvifor denne endringa er gjennomført på Austevoll, men ikkje vurdert i det øvrige planområde. Ei slik endring synes å vera litt pussig ut frå eit planfagleg perspektiv. Det er vanskeleg å sjå kvifor ein i planarbeidet ser behov for å gjera ei slik tilpassing på Austevoll medan det i det øvrige planområde ikkje er vurdert. Me ser mellom anna at store delar av Halsnøy og Rosendal er omfatta av arealsone landskap. Me ser tilsvarande at planlagde utbyggingsområder på Godøysund i Tysnes kommune p.t. ligg innafør arealsone landskap.

Det naturlege grepet opp mot den endringa som no er gjort på Austevoll er at arealsone landskap vert korrigert opp mot utbyggingsområder i gjeldande kommuneplanar og vedtekne reguleringsplanar og at grensene vert trekt utanom desse i heile planområde. Me meiner at dersom dette ikkje vert gjort har heller ikkje Hordaland fylkeskommune ivareteke kravet om at kommuneplan skal leggjast til grunn for fylkeskommunen si planlegging.

Primært har me eit ønskje om at arealsonenene vert trekt ut av land- og strandområda i planen og vert avgrensa til kystsona. Alternativt ber me om at det som eit minimum vert gjort tilpassingar i planen opp mot gjeldande kommuneplanar. Me tør å minna om at kommuneplan skal leggjast til grunn i fylkeskommunen si planlegging.

Uavhengig av dette ber me om ei tilbakemelding frå planmynde på kvifor ein no har valt å gjera dette grepet i mindre deler av planområde utan at det synes å vera fylgt opp av ein gjennomgåande metodikk. Me vil vidare be om ei eintydig vurdering opp mot rekkevidda av retningsline 3.1.2. Det synes å vera litt uklart om denne retningslina er avgrensa til akvakultur, eller om den også gjeld andre tiltak. I dialog med medlemmer av styringsgruppa har me forstått at dette berre gjeld akvakultur, i så tilfelle må det tydeleggjerast.

Ut frå at dette er eit viktig grep i saka og vil ha innverknad på vår vurdering om å eventuelt fremja ei klage i saka ber me om at dette skrivet saman med Dykkar svar følgjer saka til vidare politisk handsaming.

Me ber om at svar i saka vert sendt både Kvinnherad og Tysnes kommune.

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi: Kvinnherad kommune v/rådmann